



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Finansdepartementet
Postboks 8008 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
13/3900

Vår ref.
14/693 – TJU

Dato
31.03.2014

Høyring – Teieplikt for opplysningar i aksjonærregisteret

Vi viser til brev 3. februar 2014 med vedlegg frå Finansdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Det er ei grunnleggjande avgrensing i den generelle teieplikta etter forvaltningslova § 13 fyrste ledd at teieplikta ikkje er til hinder for utlevering av opplysningar når ingen «berettiget interesse» tilseier at dei skal haldast hemmelege, til dømes dersom dei er allment tilgjengelege andre stader. I samband med vedtakinga av likningslova uttala Finansdepartementet at ei slik avgrensing av teieplikta var så sjølvstøtt at det ville vere «å gå unødig i detalj» å seie dette i lovteksten. Sjå her Ot. prp. nr. 29. (1978-1979) side 73.

Ein del av grunngevinga for framlegget om teieplikt i opplysningar frå Skattedirektoratets aksjonærregister verkar å vera at det medfører arbeid for skattestyresmaktene å skaffe fram den aktuelle informasjonen. Lovfesta teieplikt har til vanleg hatt grunnlag i at det er fare for at sentrale interesser, offentlege eller private, blir skadelidande dersom den aktuelle informasjonen blir offentleg, ikkje i praktiske hindringar med å skaffe fram informasjonen. Vi kan vanskeleg sjå at tillitsrelasjonen mellom skattytarane og Skatteetaten kan lide skade av di Skatteetaten gjev ut opplysningar som skattytarane (selskapa) sjølv har ei klar, lovfesta plikt til å gje ut til alle som spør. På denne bakgrunnen kan vi ikkje sjå at dei omsyn som er lagde til grunn i høyringsnotatet, kan grunnge ei innføring av teieplikt for opplysningane frå aksjonærregisteret. Heller ikkje kan vi sjå at det ligg føre andre omsyn som tilseier at det skal gjelde teieplikt.

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Gullhaug Torg 4a
0484 Oslo

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org.nr.: 972 417 831

Plan- og
administrasjonsavdelinga
Telefaks
22 24 95 34

Sakshandsamar
Toril Juul
22245125
toril.juul@jd.dep.no

Det er òg vanskeleg å sjå for seg korleis ei slik teieplikt kan handhevast. Brot på lovfesta teieplikt kan straffast etter straffelova 1902 § 121, men det er vanskeleg å tenkje seg at det skal brukast ressursar på å reise straffesaker mot nokon for å gje ut opplysningar som alt i utgangspunktet var offentleg tilgjengelege på anna hald.

Vi minner vidare om at heller ingen av unntaka frå innsyn etter offentleglova har grunnlag i at forvaltninga får arbeid med å skaffe fram informasjonen. Derimot er det opna i offentleglova § 12 bokstav b for at det kan gjerast unntak for heile dokument dersom det medfører ei urimeleg arbeidsbør å skulle gjennomføre dels innsyn i eit dokument. Dette vil typisk kunne gjelde store dokument der mange opplysningar er omfatta av teieplikt. Vidare er det i offentleglova § 28 andre ledd òg sett grenser for kva eit innsynskrav kan gjelde for at forvaltninga pliktar å følgje det opp. Vi kan ikkje sjå at desse verkemidla er vurderte når det gjeld spørsmålet om arbeidsmengd for skattestyresmaktene.

Dersom det er så store problem knytt til handsaming av innsynskrav i aksjonærregisteret at det må til avgrensingar, kan det vere aktuelt å vurdere å innføre eit avgrensa unntak frå innsyn for denne aktuelle informasjonen, i staden for å fastsetje eit forbod mot utlevering gjennom teieplikt. Vi kan ikkje sjå at dette er vurdert i høyringsnotatet.

Internasjonale forpliktingar

Eventuell teieplikt for opplysningar i aksjonærregisteret bør drøftast i lys av Noreg sine internasjonale forpliktingar, derunder også den internasjonale utviklinga i samband med gjennomsiktigheit om reelle eigarare/rettshavarar («*Transparency and beneficial ownership of legal persons and arrangements*»). Dei internasjonale diskusjonane og vedtaka som no finn stad, er motiverte av målet om å førebyggje og avdekke økonomisk kriminalitet.

Gjennom Noreg si tilslutning til Financial Action Task Force (FATF) sine anbefalingar foreligg det blant anna plikter knytt til styresmaktene si registrering av eigarskapsinformasjon. I FATF si tilråding 24, med tolkingsnotar, punkt 13 jf. punkt 4 (a) og (b), går det fram at den offentleg tilgjengelege registerinformasjonen som eit minimum bør omfatte blant anna informasjon om reelle rettshavarar (definisjonen dekkjer blant anna kjeder av eigarskap/kontroll gjennom fleire ledd).


Det er vanskeleg å seie nøyaktig kva slags verknad Finansdepartementet sitt forslag vil ha for vurderinga av Noreg si etterleving av tilrådinga frå FATF, men det kan gje negative utslag, når summen av norske tiltak for å sikre openheit om reelt eigarskap skal evaluerast. Vi minner for ordens skuld om at Noreg for augeblikket vert evaluert av FATF, som første medlemsland i FATF si 4. runde med evalueringar, og at rapporten om Noreg skal diskuterast på FATF sitt plenumsmøte i oktober 2014.

Vidare vil vi kort nemne at internasjonalt regelverk på området venteleg vil justerast i retning av at informasjon om eigarskap og reelt eigarskap må bli meir tilgjengeleg enn i dag. Under Europaparlamentet si siste behandling (februar 2014) av utkast til nytt kvitvaskingsdirektiv (EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv) er det gjort vedtak om ei vesentlig utviding av informasjonsplikta knytt til reelt eigarskap, derunder at det skal opprettast eit offentleg tilgjengeleg Europeisk aksjonærregister. Utviklinga er i tråd med signala frå G8-toppmøtet juni 2013, og planar i diverse andre land, derunder Storbritannia (som skal etablere eit liknande offentleg register).

Til slutt vil vi peike på at forslaget neppe vil gjere kundekontroll med reelle rettshavarer enklare, for institusjonar som er rapporteringspliktige etter kvitvaskingsregelverket, jf. kvitvaskingslova § 7 nr. 3, jf. § 2 nr. 3.

Med vennleg helsing


Harald Aass
fagdirektør


Toril Juul
seniorrådgjevar